

SV seier nei til nærmare tilknytning til EU sin energimarknad og ja til energieffektivisering

Vedtatt av SVs landsstyre 24. mai 2025.

Direktiva om energieffektivisering, bygningsenergi og fornybar kraftutbygging, som er tre av totalt åtte direktiv og forordningar i EUs fjerde energimarknadspakke, blir behandla av Stortinget før sommaren. Dei tre direktiva vil bringa oss tettare på EU sitt marknadssystem, og gje oss mindre demokratisk kontroll over kraftressursane våre. SV seier derfor nei til å innføra dei. SV vil føreslå at tiltaka i energieffektiviserings- og bygningsenergidirektivet vert innført utanfor EØS-avtala. Dette er viktige tiltak for å styrka enøk-arbeidet i Noreg. Men SV vil innføra dei utan å avgi suverenitet.

EU sin energimarknad fungerer ikkje for norske forhold. I EU skal straum vera ei handelsvare. SV ynskjer at kraftpolitikk skal vera på folket og miljøet sine premiss, ikkje på marknaden sine. EU sitt mål om at kraft og straum skal flyta fritt mellom alle europeiske land og prisetjast på børss, strir fundamentalt med den retninga SV meiner er rett for samfunnet.

Fornybardirektivet vil innføra «fast track»-system for konsesjonsbehandling av fornybarkraft-søknadar. SV fryktar at regjeringa sine forsikringar om at dette ikkje skal gå utover ei forsvarleg saksbehandling kan endra seg med eit nytt fleirtal på Stortinget eller dersom EU utfordrar denne forståinga. I så fall kan lokaldemokratiet bli sett under sterkt press, og rommet for demokratisk påverking bli mindre. Fornybardirektivet utvidar òg ordninga med opphavsgarantiar. Ei opphavsgaranti skal garantera at ei viss mengd energi er produsert, men blir selt uavhengig av krafta. Dette skaper spekulasjon og aukar kostnadene for norske bedrifter som i røynda bruker fornybar kraft. SV vil fremma forslag om å avslutta ordninga med opphavsgarantiar.

Me treng ei langt sterkare satsing på energieffektivisering i Noreg. Den mest miljøvenlege energien er den energien som ikkje vert nytta. Kvar kilowatttime me sparer, kan bidra til å spara natur for unødige inngrep, kutta klimagassutslepp og avlasta straumnettet.

Den versjonen av bygningsenergidirektivet som Stortinget nå skal behandla har EU-landa allereie gått vidare frå. SV fryktar at dersom me godtar dette direktivet nå, vil presset bli stort for å innføra nyare versjonar av direktivet.

SV meiner at meir demokratisk kontroll er naudsynt om me skal løysa dei store klima- og naturkrisene me står i. EU sin overnasjonale kontroll og marknadsstyring er ueigna for å skapa løysingar på dei store krisene. Me må difor seia nei til desse direktiva, og heller forsterka enøk-innsatsen på eigen kjøp.

EUs fjerde energimarknadspakke burde vore behandla samla. Ap-regjeringa forsøker å avdramatisera tettare kopling på EUs energimarknad med ei bit for bit-behandling. Tiltaka i dei to energieffektiviseringsdirektiva er positive, men å innføra dei gjennom EØS-avtala gjer at stadig større delar av norsk energipolitikk blir underlagt EU og dermed EØS-institusjonane si definisjonsmakt og dømmande makt. Bit for bit blir makta i energipolitikken flytta frå folkevald nasjonal styring til EU. SV sine mange forslag om energieffektivisering kan innførast som norsk politikk utan EU. Me er ikkje avhengige av EU for å kunna spara på straumen eller ha ei fornuftig satsing på fornybar kraft.

SV seier nei til tettare integrasjon med EU sin energimarknad, ja til energieffektivisering, og ja til demokratisk kontroll over krafta!